

Utval: Utval for miljø og samferdsel
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etg., Fylkeshuset, Agnes Movinckels gate 5
Dato: 13.03.2019
Tidspunkt: 09:00-16.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer | |
|------------------------------|-----------|---------------|-------------|
| Atle Kvåle | Medlem | A | |
| Rasmus Laupsa Rasmussen | Medlem | A | Gjekk 15.35 |
| Per Lerøy | Medlem | A | |
| Kari Foseid Aakre | Medlem | A | |
| Svein Halleraker | Medlem | H | |
| Iiril Schau Johansen | Medlem | H | |
| Stein Inge Ryssdal | Medlem | H | |
| Gustav Bahus | Medlem | FRP | Gjekk 15.05 |
| Renate Møgster Klepsvik | Medlem | FRP | |
| Astrid Aarhus Byrknes | Medlem | KRF | |
| Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim | Medlem | SP | Gjekk 15.40 |
| Marthe Hammer | Nestleiar | SV | |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-----------------------|----------|---------------|
| Natalia Antonia Golis | Medlem | MDG |
| Jon Askeland | Leiar | SP |
| Geir Angeltveit | Medlem | V |

Følgjande varamedlemmer møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|-----------------------|-----------------------|---------------|
| Jon Larsgård | Jon Askeland | SP |
| Nils-Anders Nøttseter | Natalia Antonia Golis | MDG |
| Torstein Gunnarson | Geir Angeltveit | V |

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|----------------------|---|
| John Martin Jacobsen | Seksjonsleiar vegseksjonen |
| Rolf Rosenlund | Seksjonsleiar forvaltningssesksjonen |
| Torill Klinker | Seksjonsleiar transportplanseksjonen |
| Grethe Vikane | Avdelingsdirektør Statens vegvesen |
| Beate Mæsel | Seniorrådgjevar Statens vegvesen |
| Målfrid Vik Sønstabø | Direktør Skyss |
| Petter Lem Gullestad | Spesialrådgjevar/møtesekretær fylkessekretariatet |

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off. |
|--------------------------|--|-------------------------|---------------|
| PS 23/19 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| PS 24/19 | Godkjenning av møtebok forrige møte | | |
| PS 25/19 | Referatsaker (meldingar) | | |
| RS 18/19 | Invitasjon til Trygg Trafikk sin årlege trafikksikringskonferanse | 2014/13889 | |
| RS 19/19 | Bompengeinnkreving 2017 | 2014/17239 | |
| RS 20/19 | Status for hydrogenfyllestasjonar i Hordaland | 2019/840 | |
| RS 21/19 | Førespurnad om førehandsavklaring og overslag på ferjeavløysingsmidlar for innkorting av sambandet Klokkarvik-Lerøy-Bjelkarøy-Hjellestad | 2014/23741 | |
| RS 22/19 | Fylkesvegrådet møte 09.01.2019 | 2019/2018 | |
| RS 23/19 | Tillitsvaldordningen for Forsvaret ynskjer vernepliktspris på kollektivtransport | 2019/1627 | |
| RS 24/19 | Styrking ruteproduksjon - status | 2014/278 | |
| RS 25/19 | Tilskot til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar – tildeling av midlar 2018 | 2014/23709 | |
| RS 26/19 | Status handlingsprogram regional plan for folkehelse | 2019/681 | |
| PS 26/19 | Innkomne spørsmål frå politikarane | | |
| FO 5/19 | Spørsmål frå Askeland (Sp) - skyss-takstar hjå nettbuss | 2019/2608 | |
| FO 6/19 | Spørsmål frå Lerøy (A) - Ranavik ferjekai, kostnad for ladepunkt | 2019/957 | |
| FO 7/19 | Spørsmål frå Lerøy (A) - Skuleskyss Austrheim vgs | 2019/391 | |
| FO 8/19 | Spørsmål frå Lerøy (A) - Skuleskyss Indre Gulen og Modalen | 2019/391 | |
| PS 27/19 | Ymse | | |
| PS 28/19 | Fråvikssøknad - reguleringsplan for fv 48 Skånevik - Flesjo i Etne kommune | 2016/34887 | |
| PS 29/19 | Bompenge for låg- og nullutsleppskøyretøy klasse 2 | 2014/17239 | |
| PS 30/19 | Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Fv 561 Kolltveit - Ågotnes - Fjell kommune | 2015/10285 | |
| PS 31/19 | Søknad om økonomisk tilskot til prosjektet Stad skipstunnel | 2015/7 | |
| PS 32/19 | Regional plan for vassforvaltning - høyring av planprogram og hovudutfordringar for Hordaland og Sogn og Fjordane | 2019/316 | |

PS 23/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 13.03.2019

Innkallinga og sakslista vart godkjend.

PS 24/19 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 13.03.2019

Møteprotokoll frå møte 6. februar 2019 vart godkjend.

PS 25/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 13.03.2019

RS 18-26/19 vart refererte.

PS 26/19 Innkomne spørsmål frå politikarane

FO 5/19 Spørsmål frå Askeland (Sp) - skyss-takstar hjå nettbuss

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 13.03.2019

Representanten **Jon Askeland (Sp)** har stilt fylgjande spørsmål:

Eg er blitt kontakta av innbyggjarar i området Oppheim-Vossestrand i Voss kommune om eit kollektivtakstspørsmål.

Saka gjeld: Nettbuss si rute Sogndal – Bergen ca kl 1340 på Oppheim vert dagleg brukt av skulelevar som lokalbuss for å koma seg til Vossevungen på kulturskuleimar og liknande. Denne bussavgangen passar framifrå til dette føremålet, då den går like etter skuletid, og gjer det mogleg å nå kulturskulen på Vangen. Neste ordinære buss i regi av Skyss går 1 time, 20 minutt seinare, den gjer det vanskeleg å nå kulturskuletilbodet.

Spørsmålet frå foreldra gjeld billett-takstane. Frå nyttår er barnetaksten på ruta auka til kr 59,- for enkeltbillett på denne ruta til Nettbuss. Dette er svært dyrt, samanlikna med Skyss sin barnebillett som kostar kr 19,- pr tur. Foreldra ber derfor Hordaland Fylkeskommune om at ruta vert tatt med i billettharmoniseringa for Skyss på dei strekningane der Nettbussruta vert nytta som lokaltransport.

Spørsmål: Korleis kan Skyss tilby ordinære Skyss-takstar for lokaltransport for Nettbussruta Sogndal-Bergen?

Svar frå fylkesrådmannen:

Skyss har ikkje i dag ein eigen avtale med Nettbuss express for å kompensera takst på denne strekninga. Nettbuss sitt tilbod er ei kommersiell ekspressbussrute som nyttar egne takstar og har sine egne salskanalar for kjøp av billetter. Rutetidene vert og bestemt av Nettbuss. Takstane på mange ekspressbussruter er i mange tilfelle sett slik at rutene i praksis ikkje vert nytta til lokale reiser med det mål at ekspressbussruta vert nytta av dei som reiser på mellomlange og lange reiser.

Det eksisterer nokre takstkompensasjonsavtalar andre stader i fylket som gjer det mogleg for reisande å nytte kommersielle bussruter og betale lokaltakst. Eit døme på dette er avtalen med Fjordekspresen. Skyss ser no på kor ein har slike avtalar med tanke på revisjon både med omsyn til lovverk, økonomi samt endringar som dei kommersielle bussrutene har gjort i rutetilbodet.

Om det skal etablerast avtale med Nettbuss om takstkompenasjon må Nettbuss kontaktast for å avklare om dei er interessert i dette. Deretter må Skyss få fakta frå Nettbuss på kor mange reisande som kan bli omfatta av ei slik ordning og kva dette betyr økonomisk. I tillegg må det vurderast om ordninga er innanfor gjeldande lover og reglar. Skyss ser at takstkompenasjonsavtalar er vanskelege

å kommunisere i marknaden i tillegg til at dei representerer ei monaleg kostnad for fylkeskommunen. Det er på denne bakgrunn ikkje sendt førespurnad til Nettbuss om mogleg takstsamarbeid på denne strekninga.

FO 6/19 Spørsmål frå Lerøy (A) - Ranavik ferjekai, kostnad for ladepunkt

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 13.03.2019

Representanten **Per Lerøy (A)** har stilt fylgjande spørsmål:

Det dreier seg om ladeanlegg for ferjer på Ranavik ferjekai. Spørsmålet er kva dette ladepunktet vil koste?

Svar frå fylkesrådmannen:

Kostnaden for ladeinfrastruktur på Ranavik ferjekai er estimert til 37,7 - 39,5 mill.kr. Desse kostnadene inkluderer både kostnader for nettoppgradering og installasjon til lading. I tillegg vil endringane knytt til ferjekaien medføra at det må byggjast ny snøggbåtkai på sida av ferjekaien. Kostnaden for ny kai vert omlag 7 mill kr.

FO 7/19 Spørsmål frå Lerøy (A) - Skuleskyss Austrheim vgs

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 13.03.2019

Representanten **Per Lerøy (A)** har stilt fylgjande spørsmål:

Kva kan Skyss gjera for å sikra elevar ved Austrheim vidaregåande skule betre skuleskyss?

Svar frå fylkesrådmannen:

Fylkesrådmannen viser til svar på tilsvarande spørsmål, i MISA 9. mai 2018.

Fylkesrådmannen har forståing for ønsket om at skuleelevar skal ha kortast mogleg reisetid til og frå skulen, og ønsker at flest mogleg skal nytte seg at kollektivtilbodet. Det blir kvart år lagt ned eit vesentleg arbeid for å få dei om lag 20 000 elevane i fylket med rett til skyss til skulen på ein god måte, samtidig som skyssen skal gjennomførast innanfor økonomisk forsvarlege rammer. Dette inneber mellom anna at ein søker å samordne skuleskyssen med det ordinære kollektivtilbodet der dette er mogleg, for å sikre eit tilbod for flest mogleg reisande og sikre optimal utnytting av kollektivmidlane.

Det er ei utfordring å utforme eit kollektivtilbod som både har stor flatedekning (for å få med seg alle elevar og andre reisande) og rask framkomst, når ein har avgrensa midlar til rådvelde. Dette er ei stadig avveging for Skyss. I områder med stort passasjertilfang kan det vere grunnlag for utvida tilbod som ivaretek begge behov, som til dømes mellom Knarvik og Bergen sentrum. Det blir ofte lagt opp til at dei reisande får eit byte undervegs – for å samla sett gje eit best mogleg tilbod for flest mogleg av innbyggjarane. Til skular og i distriktsområde som dette, vil ein stort sett måtte prioritere midlane slik at ein får alle elevane og eventuelt andre reisande med – innanfor rimeleg reisetid. Samstundes er det slik at elevar med lang avstand mellom heim og skule må pårekna noko lengre samla reisetid.

Samstundes er fylkesrådmannen glad for at det å kome seg til og frå skulen om morgonen og ettermiddagen stort sett fungerer greitt for dei fleste av elevane. Skyss vil ta med seg innspela frå reisevaneundersøkinga i den vidare planlegginga, men per no ser ein at gjennomføring av tiltak for å gje raskare kollektivreiser til Austrheim vidaregåande skule anten vil medføre behov for auka økonomiske rammer, eller at ein prioriterer bort tilbodet i enkelte områder. Konkrete forslag til omprioriteringar vil gi eit betre grunnlag å vurdere tilpassingar i tilbodet.

FO 8/19 Spørsmål frå Lerøy (A) - Skuleskyss Indre Gulen og Modalen

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 13.03.2019

Representanten **Per Lerøy (A)** har stilt fylgjande spørsmål:

Elevar frå ytre Gulen og Solund har gjennom Hordalandsavtalen rett på dagleg skuleskyss til Austrheim vidaregåande skule. Når me no slår saman Hordaland og Sogn og Fjordane til Vestland fylke, vil det vera naturleg at elevar frå indre Gulen får det same tilbodet om dagleg skuleskyss til Knarvik vidaregåande skule. Eg foreslår at det vert oppretta ei skulerute frå Oppedal til Knarvik for skuleåret 2019/2020. Det bør leggjast til rette for at elevar frå heile indre Gulen og frå Modalen kan nytta denne ruta. Ei slik løysing vil gje elevar frå indre Gulen og Modalen moglegheita til å bu heime mens dei tek vidaregåande utdanning, noko dei ikkje har i dag. Dette vil vere til gagn og gled for både elevane og lokalsamfunna dei kjem frå. Reisetida frå indre Gulen og Modalen til Knarvik vil bli omlag ein time, noko som vil vera akseptabelt for dei fleste.

Vil utval for opplæring og helse leggja til rette for at elevar frå indre Gulen og Modalen skal kunna dagpendla til Knarvik vidaregåande skule neste skuleår?

Svar frå fylkesrådmannen:

Innleiingsvis gjer fylkesrådmannen merksam på at spørsmålet frå Lerøy var meint stila til MISA og ikkje til OPHE slik det står.

Hordalandsavtalen, som det vert vist til, er ein avtale mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar som gjeld for Gulen kommune og Solund kommune knytt til elevplass ved Austrheim vidaregåande skule. Avtalen gjeld ikkje for elevplassar ved Knarvik vidaregåande skule. Fylkesrådmannen ser difor ikkje grunnlag for å opprette eit tilbod om skuleskyss for vidaregåande skuleelevar frå Gulen, mellom Oppedal og Knarvik, frå hausten 2019/2020. For skuleåret 2020/2021 vil skuleskyssbehovet bli vurdert med grunnlag i den samla skulestrukturen og elevinntaket, samt skuleskyssreglementet som vert gjeldande for Vestland fylkeskommune.

Vidaregåande skuleelevar busett i Modalen har skuleskyssstilbod til og frå Knarvik vidaregåande skule.

PS 27/19 Ymse

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 13.03.2019

Presentasjonar i samband med sak PS 30/19 Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Fv 561 Ågotnes-Kolltveit

- Marianne Sandahl Bjørøy, Fjell kommune
- Johnny Breivik, Bergen og Omland havnevesen
- Kjell Erik Myre, Statens vegvesen
- Torill Klinker, Hordaland fylkeskommune

Øvrige presentasjonar

- Gry Miriam Olsen, Keolis, orienterte om ein mobilitetsstudie
- Gudrun Einbu, Skyss, orienterte om utreda bybåtsamband
- Siste nytt frå Statens vegvesen v/Grethe Vikane
- Siste nytt frå Skyss v/Målfrid Vik Sønstabø

Motteke oversendingsforslag vedkommande skulekyss til elevar i Masfjorden

Utval for miljø og samferdsel mottok 12.3.2019 slikt oversendingsforslag frå Utval for opplæring og helse:

«Vedkommande skuleskyss til elevar i Masfjorden:

I perioden fram til 29. april 2019 når det kommer ny skuleskyss for elevar frå Masfjorden, foreslår vi at det vert leid inn ein minibuss for desse elevane med avgang kl. 16.00 frå Knarvik, og frå Masfjorden torsdag morgon.»

Marthe Hammer (SV) tok opp oversendingsforslaget under ymse. Skyss v/Målfrid Vik Sønstabø gjorde munnleg greie for at spørsmålet var kvittert ut i utval for opplæring og helse. Spørsmålet vart ikkje ytterlegare debattert.

Oversendingsforslag

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, Sp og KrF fram slikt felles oversendingsforslag:

Viser til brev frå samferdselsdepartementet datert 21.02.19:

«I to brev datert 18.02.2019 har departementet invitert fylkeskommunene, de største bykommunene og Sametinget til første møte i kontaktgruppen 08.03.2019 samt åpnet opp for skriftlige innspill om hovedutfordringer på transportområdet i den enkelte region. Dagsorden legger også opp til en første diskusjon om de viktigste utfordringene på transportområdet.»

Frist for skriftleg innspel er 10.mai.

MISA ber om at det skriftlege innspelet frå Hordaland fylkeskommune vert lagt fram som sak i neste MISA 10.april. MISA vil allereie no peike på at følgjande moment bør vurderast å inngå i beskrivinga av utfordringsbilete:

- Utfordring med auka omfang av ras, trafikktryggleik
- Miljø- og klimautfordringane i storbyen
- Behovet for trygg næringstransport og gods, slik som ein oppdatert godsanalyse
- Utfordringar knytt til føresetnader i dei samfunnsøkonomiske analysane og trafikktryggleik
- Utfordringar knytt til god dekning på høyhastighets breiband

Røysting

Hammer sitt forslag fekk 13 røyster (SV, A, Sp, KrF, V, H og MDG) og vart vedteke oversendt administrasjonen utan realitetshandsaming.

PS 28/19 Fråvikssøknad - reguleringsplan for fv 48 Skånevik - Flesjo i Etne kommune

Forslag til vedtak

Miljø- og samferdselsutvalet viser til brev datert 28.11. 2018 frå Statens vegvesen, og vedtek fråvik frå krava i vegklassen «Gater» i ny *N100 Veg og gateutforming*.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019

Mette Heidi B. Ekrheim (SP) sette på vegner av SP, SV, A, KrF, V, MDG, FRP og H fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett til neste møte i MISA, og ber om å få framlagt kostnadsestimat for å unngå innsnevring av vegen».

Røysting (til utsetjing)

Ekrheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett til neste møte i MISA, og ber om å få framlagt kostnadsestimat for å unngå innsnevring av vegen.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 13.03.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Miljø- og samferdselsutvalet viser til brev datert 28.11. 2018 frå Statens vegvesen, og vedtek fråvik frå krava i vegklassen «Gater» i ny *N100 Veg og gateutforming*.

PS 29/19 Bompengar for låg- og nullutsleppskøyretøy klasse 2

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet legg til grunn at det vert innført 50 % takst for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 ved bompengeprojekt i Hordaland.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 13.03.2019

Astrid Aarhus Byrknes (KrF) sette på vegner av KrF, SV, A og SP fram slik fellesforslag:

«Alternativ:

1. Fritaket for bompenger for hydrogenbiler, utsleppsfrie varebiler og lastebiler som har vore til no vidareførast (i minst 5 år, fram til 2025).
2. Det vert innført ein klimaklasse for tunge køyretøy på biogass. Dette arbeidet må sjåast i samheng med tilsvarende arbeid og innføring i andre storbyer i Norge. Tilsvarande skal det sjåast på korleis også avansert bioetanol og ladbare hybrid-lastebiler kan inkluderast i klimaklasse så snart som mogleg.»

Stein Inge Ryssdal (H) sette på vegner av H, FrP, V og MDG fram slikt fellesforslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet legg til grunn at det ikkje vert krevd inn avgift for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 før 2025 i bompengeprojekt i Hordaland.»

Byrknes og Ryssdal trekte forslaga.

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, KrF, Sp, V, MDG, H og Frp fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fritaket for bompenger for nullutsleppskøyretøy slik som hydrogenbiler, utsleppsfrie varebilar og lastebilar som har vore til no, vert videreført i minst 5 år, fram til 2025.
2. Det bør innførast ein klimaklasse for tunge køyretøy på biogass. Dette arbeidet må sjåast i samheng med tilsvarende arbeid og innføring i andre storbyar i Noreg.

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, KrF, Sp og V fram slikt forslag:

«Tilleggspunkt til alternativt forslag:

Tilsvarande skal det sjåast på korleis også avansert bioetanol og ladbare hybrid-lastebilar kan inkluderast i klimaklasse så snart som mogleg.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Hammer sitt forslag til alternativ vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hammer sitt tilleggspunkt fekk 9 røyster (SV, A, KrF, Sp, og V) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fritaket for bompenger for nullutsleppskjøretøy slik som hydrogenbiler, utsleppsfrie varebilar og lastebilar som har vore til no, vert videreført i minst 5 år, fram til 2025.
2. Det bør innførast ein klimaklasse for tunge kjøretøy på biogass. Dette arbeidet må sjåast på i samanheng med tilsvarende arbeid og innføring i andre storbyar i Noreg.
3. Tilsvarande skal det sjåast på korleis også avansert bioetanol og ladbare hybrid-lastebilar kan inkluderas i klimaklasse så snart som mogleg.

PS 30/19 Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Fv 561 Kolltveit - Ågotnes - Fjell kommune

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vurderer at framlegg til reguleringsplan for fv 561 Kolltveit – Ågotnes legg opp til ein dimensjonering av veg- og kryssløysingar som medfører unødige kostnader og som ikkje er i tråd med arbeidet for nullvekstmålet.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at vedtaket som blei fatta i Fylkesutvalet den 23.06.2016 ikkje er følgt opp. Grunna manglande utgreiing av 2-felts veg og plankryssing ved Ågotnes sør kan ikkje utvalet sjå at alternativa knytt til vegløysingar er tilstrekkeleg opplyst.

Føresegna § 6.1 må endrast slik: Før utbygging av veganlegget, skal det utarbeidast detaljprosjekt for samferdselsanlegga og tilhøyrande teknisk infrastruktur som svarer til fylkeskommunen sitt vedtak. Det er knytt motsegn til dette punktet.

3. Det er positivt at det vert tilrettelagt for ny gang- og sykkelveg på Kolltveit og Ågotnes, og kryssingspunkt med eksisterande vegar. Planen er likevel ikkje tydeleg på at det er lagt til rette for gjennomgåande gang- og sykkelveg som ei heilskapleg løysing, slik fylkesutvalet har som føresetnad i sitt vedtak. Dette må synleggjerast i det vidare planarbeidet.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.02.2019

Gunnar Bakke (FRP) sette vegner av FRP og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vurderer at framlegg til reguleringsplan for fv 561 Kolltveit – Ågotnes legg opp til ein dimensjonering av veg- og kryssløysingar som står i forhold til den vekst og utvikling som kan komme i regionen i forbindelse med etableringa av ny hamn for Bergensregionen
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at vedtaket som blei fatta i Fylkesutvalet den 23.06.2016 ikkje tar opp i seg at det er vedtatt å etablere ny hamn. Utvalet vil derfor støtte framlegg til reguleringsplan i den form den er presentert.
3. I og med at dette er en parallell veg er det ikkje behov for gang- og sykkelveg da dette blir dekket av alt eksisterande veg.

Gunnar Bakke (FRP) trekte sitt forslag.

Gunnar Bakke (FRP) sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at saka utsettast for befaring og møte med Statens vegvesen, Fjell kommune og Bergen og Omland havnevesen (BOH).

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at utval for miljø og samferdsel behandlar saka før den framleggast på ny».

Røysting (forslag om utsetjing):

Bakke sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at saka utsettast for befaring og møte med Statens vegvesen, Fjell kommune og Bergen og Omland havnevesen (BOH).

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at utval for miljø og samferdsel behandlar saka før den framleggast på ny

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 13.03.2019

Astrid Aarhus Byrknes (KrF) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vurderer at framlegg til reguleringsplan for fv 561 Kolltveit – Ågotnes legg opp til ei dimensjonering av veg- og kryssløysingar som står i forhold til den vekst og utvikling som kan kome i regionen i forbindelse med etableringa av ny godshamn for Bergensregionen.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at vedtaket som blei fatta i Fylkesutvalet den 23.06.2016 ikkje tar opp i seg at det er vedtatt å etablere ny hamn i hamneområdet. Utvalet vil difor støtte framlegg til reguleringsplan i den form den er presentert.
3. I og med at dette er ein parallell veg er det ikkje behov for gang- og sykkelveg da dette blir dekket av alternativ eksisterande veg.
4. Det er viktig å understreke at ein regulering av 4 felts veg gir ein fleksibilitet i høve til dimensjonering og at det allikevel kan byggjast ein tofeltsveg dersom det er det som vert det framtidige behovet.»

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 4:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling legg til grunn at reguleringsplanen set av nok areal til ein eventuell framtidig firefelts veg, og at det detaljregulerast for tofeltsveg.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til utval for kultur, idrett og regional utvikling med 9 røyster (A, Sp, SV, MDG, V) mot 6 røyster (KrF, H, Frp) for Byrknes sitt forslag, som fall. Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til utval for kultur, idrett og regional utvikling.

Innstilling til utval for kultur, idrett og regional utvikling

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vurderer at framlegg til reguleringsplan for fv 561 Kolltveit – Ågotnes legg opp til ein dimensjonering av veg- og kryssløysingar som medfører unødig kostnader og som ikkje er i tråd med arbeidet for nullvekstmålet.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at vedtaket som blei fatta i Fylkesutvalet den 23.06.2016 ikkje er følgt opp. Grunna manglande utgreiing av 2-felts veg og plankryssing ved Ågotnes sør kan ikkje utvalet sjå at alternativa knytt til vegløysingar er tilstrekkeleg opplyst.

Føresegna § 6.1 må endrast slik: Før utbygging av veganlegget, skal det utarbeidast detaljprosjekt for samferdselsanlegga og tilhøyrande teknisk infrastruktur som svarer til fylkeskommunen sitt vedtak. Det er knytt motsegn til dette punktet.

3. Det er positivt at det vert tilrettelagt for ny gang- og sykkelveg på Kolltveit og Ågotnes, og kryssingspunkt med eksisterande vegar. Planen er likevel ikkje tydeleg på at det er lagt til rette for gjennomgåande gang- og sykkelveg som ei heilskapleg løysing, slik fylkesutvalet har som føresetnad i sitt vedtak. Dette må synleggjerast i det vidare planarbeidet.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling legg til grunn at reguleringsplanen set av nok areal til ein eventuell framtidig firefelts veg, og at det detaljregulerast for tofeltsveg.

PS 31/19 Søknad om økonomisk tilskot til prosjektet Stad skipstunnel

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 150.000 til Styringsgruppen for Stad skipstunnel som tilskot til drifta i 2019. Løyvinga vert dekkja innafor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2019.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 13.03.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet løyver kr 150.000 til Styringsgruppen for Stad skipstunnel som tilskot til drifta i 2019. Løyvinga vert dekkja innafor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2019.

PS 32/19 Regional plan for vassforvaltning - høyring av planprogram og hovudutfordringar for Hordaland og Sogn og Fjordane

Forslag til innstilling

Fylgjande dokument vert sendt ut på høyring i perioden 1. april – 30. juni 2019:

1. Handlingsprogram 2019-2021 til Regional plan for vassforvaltning for Hordaland vassregion 2016-2021
2. Planprogram for vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland for ny vassforvaltningsplan for Vestland vassregion 2022 - 2027
3. Hovudutfordringar i Hordaland vassregion – planperiode 2022 -2027
4. Hovudutfordringar i Sogn og fjordane vassregion – planperiode 2022 -2027

Redaksjonelle ting vert oppdatert og nasjonale føringar vert arbeidd inn i eller følgjer med dokumenta ved utlegginga 1.april 2019.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 13.03.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylgjande dokument vert sendt ut på høyring i perioden 1. april – 30. juni 2019:

1. Handlingsprogram 2019-2021 til Regional plan for vassforvaltning for Hordaland vassregion 2016-2021
2. Planprogram for vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland for ny vassforvaltningsplan for Vestland vassregion 2022 - 2027

3. Hovudutfordringar i Hordaland vassregion – planperiode 2022 -2027
4. Hovudutfordringar i Sogn og fjordane vassregion – planperiode 2022 -2027

Redaksjonelle ting vert oppdatert og nasjonale føringar vert arbeidd inn i eller fylgjer med dokumenta ved utlegginga 1.april 2019.